

Møtereferat

Dato:31.10.2017

Emne:	Referat frå Regionalt planforum 31.10.2017 – rullering av kommuneplanen, arealdelen, Os kommune	
Til stades:	Marie Bruarøy Gustav Bahus May Brit Haringstad Harald Døsen Aina Tjosås Tina K. M. Sinclair Asle J. Andås Cathrine Grasdahl Fredrik Seliussen Åshild Blomdal Sjur Frimann Hjeltne Egil Hauge Morten Sageidet Ola Midttun Odd Tøsdal Kari Elster Moen Lars Ottar Sagstad Eva Katrine Taule Anne-Kathrine Vabø Kjetil Bø Omarstrand Endre Sten Nilsen Gunnhild Raddum Vibeke Lokøy Arve Aasland Anne Mette Porten Martin Tvedt Torbjørn Bøe Tale Halsør Vidar Totland Therese Wergeland Robert Solend	Os kommune Os kommune Os kommune Os kommune Os kommune Os kommune Os kommune Os kommune Lyseparken, Os kommune ABO Plan & arkitektur ABO Plan & arkitektur Fylkesmannen i Hordaland Fylkesmannen i Hordaland Fiskeridirektorat Mattilsynet Statens vegvesen Statens vegvesen Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune, Invest in Bergen Hordaland fylkeskommune, Skyss Hordaland fylkeskommune, Skyss
Forfall:		Sak: 2014/13624-
Møtetid:	31.10.2017 Kl. 10:00-12:00	Møtestad: Fylkeshuset, Sunnhordland

Møteleiar: Eva Katrine Taule, fagleiar kommunal plan

Referent: Kjetil Bø Omarstrand

Eva Katrine Taule, fagleiar kommunale planar i Hordaland fylkeskommune, ønskte velkomen og orienterte om planforum, eit fora for å fremme dialog i planprosessane. Kort presentasjonsrunde.

Innleiing ved Marie Bruarøy, ordførar, Os kommune

Mål om å få rullert KPA før samanslåinga med Fusa kommune i 2020. Os ønskjer å vere i forkant av utfordringar som kjem med den venta folkeveksten i kommunen i åra framover. Det er forventa at folkeveksten vil auke med ny E39. Kommunen ønskjer å leggje til rette for sentrumsnære bustadar og eit levande bygdeliv og lokal næringsutvikling der færre må utpendle til Bergen. Gode tenestetilbod, friluftsområder og nærleiken til sjø vart trekt fram som nokre av grunnane til at folk busett seg i Os kommune. Kommunen er klar over at dei utfordrar overordna planar og etterspør ein større forståing for behovet for lokal tilpassing.

Presentasjon ved Aina Tjosås, kommunalsjef for samfunnsutvikling, Os kommune

Det er fleire krav og ønskjer som må vektast i arbeidet med samfunnsutvikling, der alle må vele sine kampar. Os kommune har store visjonar men er klar over at dei ikkje klarar å sikre gjennomføring av alle føreslåtte tiltak samtidig.

Presentasjon ved Tina K. M. Sinclair, plansjef, Os kommune

Os kommune arbeidar med eit breitt utval av analyser og kartleggingar som skal inngå som kunnskapsgrunnlag i rulleringa av KPA; senterstruktur og handelsanalyse, kartlegging av tilgjengeleg areal i bustadregulerte område, sentrumsavgrensing sentersoner, landskapsanalyse, støyanalyse, kartlegging av funksjonell strandsone m.m. Det arbeidast også aktivt med klimatilpassing og medverknad mot barn og

ungdom gjennom barnetråkk og moglegheitsstudiar for Steinneset og Finnebrekkane. Som følge av konfliktpotensialet mellom fortetting og jordvern og handelslekkasje mot Bergen, skal Os kommune utarbeide retningslinjer for handtering av jordmasser og retningslinjer for lokalisering av plasskrevjande varar Os kommune har som mål å ha maks regional konkurransekraft og maks tilgang til varer, der transportbehovet skal vere minimalt.

Os kommune har brukt mykje tid på å betre samspelet mellom planfag og planpolitikk med fokus på kompakt vekst, noko som krevja bl.a. ein kulturendring, god kompetanse og ressursar, overordna styring gjennom planlegging og politikk og smarte løysingar for samspill med marknaden. Kommunen kan her ta ei rolle som koordinator, tilretteleggjer og initierar.

To scenario for folketalsvekst fram mot 2040:

Scenario 1: SSB – 1,9% vekst.	Scenario 2: Eigen framskriving – 3%
2017 – 20 000	2017 – 20 000
2040 – 30 000	2040 – 40 000
Vekst: 10 000	Vekst: 20 000

To alternative utbyggingsmønster

30 – 70% - Som i dag. 30% av ny vekst i bustad i vekstsona rundt Os. 3000 nye busette på Osøyro.

60-40% - Alternativt utbyggingsmønster i tråd med ATP. 6000 ny bustader på Osøyro.

Os kommune testar også eit alternativ der 50 % av veksten kjem på Osøyro, medan 50 % vert tatt i lokalsentera og nærsentera. Kommunen prioriterer ny fortetting med bustader og besøksintensiv næring innanfor ein vekstsona på 2 km.

Kartlegging av tilgjengeleg areal i bustadregulerte areal i vedteke KPA – pilot med HFK

3590 daa = tilgjengeleg areal og utgangspunkt for meir detaljerte vurderingar

456 daa = jordbruksareal

86 daa = statleg sikra/ uklassifisert bebyggelse

1214 daa ligg innanfor 15 minuttursby.

Vekst: 1,9% - 3 % = 3.222 – 9300 nye bustader. Bjørnafjorden regionsenter skal vere eit rurabant senter. 4-6 (8) bustader/daa i sentrumskjernen.

Presentasjon ved Asle Andås, kommuneplanleggar, Os kommune

Gjeldande KPA vedteke 2012. Planprogrammet til rulleringa av KPA vart vedteke i kommunestyret 2016. Der er store forventingar i samband med rulleringa, og kommunen fikk ca. 240 innspel ved oppstart. Det er utfordringar knytt til å endre fokuset frå utbyggingsaksar til senterstruktur. Os kommune er i gang med kartlegging av lausmassar, bl.a. ved Nore Neset kor ein har problema med marin leire.

Skulebruksplanen: 2900 skuleelever i dag, med ca. 50 nye elevar kvart år. Kommunen veks i alle krinsar.

Kolskogen – transformasjonsområde. Ønskjer å leggje til rette for plasskrevjande varer. Finns krefter som ønskjer å bygge kjøpesenter her.

Fleire nye tema er tatt inn planprogrammet.

Innspel, temavis

Vekstprognoser:

Det vart stilt spørsmål om det er realistisk å planlegge med ein prognosert årleg vekst på 3000 nye innbyggjarar, og om talet for behovet for nye bustader dermed kan bli for høgt. Os kommune har hatt ein samanhengande vekst sidan 50- talet. For kommunen er det viktig å sikre nok areal til den vidare veksten i tillegg til nok areal til skula, barnehage og andre viktige funksjonar. Lyseparken vart trekt fram som eit viktig lokalt, regionalt og nasjonalt næringsområde som vil bidra til auka vekst i Os.

Fylkesmannen påpeikte at veksten i Os truleg vil dabbe noko av som følgje av statlege planretningslinjer, der krav om fortetting i vekstområder vil stå sentralt framover. Dei stilte også spørsmål om planen tek høgde for at fleire vil måtte pendla til Bergen som følgje av den auka veksten. Fylkesmannen er også positive til analysearbeidet som er utført i samband med 5-, 10-, og 15 minuttursbyen, og trakk fram viktigheten av samordna areal- og transportplanlegging og Regional plan for attraktive senter i Hordaland.

Senterstruktur

- 60 – 40 alternativet for utbygging er mest i tråd med regionale føresetningar.
- Kommunen bør synleggjera både eit lågvekstalternativ og eit høgvekstalternativ
- Senter, senterutstrekning og senteromland må definerast nærmare

Innspel rundt bordet

Statens vegvesen:

- Trafikksikringsplanen som er til rullering må inkluderast som grunnlag i det vidare planarbeidet.
- Kryss ved Finnebrekka må inkluderast i moglegheitsstudien for Finnebrekka.
- Rettleiar for offentlege rom: Spannande metode men utfordrande når det ikkje er moglegheit for å kome med motsegn.
- Må ta omsyn til eksisterande infrastruktur. Mange dyre løysingar skissert.

HFK, samferdselsavdelinga og Skyss

- Positivt at Os har eit regional blick og fokus på problema knytt til pendling mot Bergen. Viktig å sikre at bilen ikkje får eit for høgt konkurransefortrinn. Lokal næringsutvikling viktig grep.
- Skyss: Regionale stamlinjer. Osøyro – Bystasjonen i Bergen langs ny E39. Ny regional stamline må konkretiserast. Kollektivtilbodet utanom dei regionale stamlinene vil vere dårlegare. Skyss tar utgangspunkt i å oppretthalde eksisterande Osøyro terminal.
- Ny kollektivhaldeplass i forbindelse med Lyseparken ved hovudkrysset til E39 vil vere utfordrande
- Minner om strategi for innfart mot 2030 – innfartsparkering må ses som ein del av kollektivtilbodet. Ønskjeleg med innfartsparkeringsplassar tilknytt kollektivhaldeplasser utanfor sentrumskjernen.

Invest in Bergen

Viktig å ha ein retningsbalanse som seier noko om kva vi er på jakt etter. Det vart stilt spørsmål om lokalisering av arbeidsplasser og kor mange av desse som skal vere på bl.a. Osøyro og transformasjonsområdet Kolskogen.

- Viktig å sikre areal til arealkrevjande verksemder
- Skal Fusa ta alt ansvar for flateutbygging og arealkrevjande verksemder?

Os kommune

Kommunen har eit nyetablert næringsareal i Hegglandsdalen. På Osøyro er det tenkt å lokalisere detaljhandel, dagligvarer, konsulentføretak, frisørar m.m. I transformasjonsområdet Kolskogen er det ønskeleg å lokalisere plasskrevjande varer som trelast og kvitevarer. Per i dag må innbyggjarar i Os reise ut av kommunen for å handle desse varene. Lyseparken skal huse større tilsettintensive verksemder. Lokaliseringa er ettertrakta ettersom den ligg nær sentrum, E39 og Flesland.

HFK, planseksjonen

- Viktig at handel er lokalisert i definerte senter, noe Kolskogen ikkje er.
- Asplan Viak handelanalyse: Skeptisk til at det innførast nye kategoriar (SSB 1 og SSB 2) som ikkje er i tråd med Regional plan for attraktive senter i Hordaland.
- Viktig å ikkje skape nye handelsområder som er i direkte konkurranse med Osøyro.

Fylkesmannen

Fylkesmannen var tydelege på at dei forholde seg til Regional plan for attraktive senter i Hordaland, og påpeikte at det er kompliserande og innføre nye omgrep.

- Lokalisering av handel og næring må vere i tråd med retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging. Planane for Lyseparken er ikkje i tråd med Regional areal- og transportplan for bergensområdet.
- Strategi for vern av jordbruksareal henger nøye saman med fortetting. Positivt at det er lagt høg vekt på utgreiingar og kartlegging.
- Jordvern/jordhandtering: Må tenke heilskapleg, ikkje berre omplassera jordmassar.
- Funksjonell strandsonkartlegging: Positivt tiltak – viktig å argumentera for dei vala ein tek.

Fiskeridirektoratet

- Samanheng mellom arealbruk på land og i sjø. Stor utbygging vil leggje press på sjønære områder.
- Behov for å teke omsyn til forhold lengre ut i sjøen når ein planlegg arealbruk i sjønære områder.
- Ønsker ein å leggje til rette for meir akvakultur, må dette omtalast i KPA.

Mattilsynet

- Viktig å sikre nok og tilstrekkeleg drikkevatt i det vidare planarbeidet, og sikre reservevasskjelder.

HFK, seksjon for klima- og naturressursforvaltning

- Viktig å setje av nok areal til akvakultur. Eksisterande anlegg kan forstørrast.
- Fortøyingar må leggest inn i KPA

HFK, ved seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling

- Viktig å sikre fortsatt medverknad i det vidare planarbeidet.
- Konsekvensutgreiing: viktig å huske på at universell utforming inkludera meir enn universell utforming.
- Os blei ønska velkomen inn i folkehelsenettverket

HFK, ved Fylkeskonservatoren

- Kulturminneplanen på synleggjere konfliktpotensiale.
- Stor potensiale for kulturminner i Os

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune er positive til at Os kommune deltok i Regional planforum på dette stadiet i kommuneplanprosessen. Planen må vere i tråd med nullvekstmålet og Regional areal- og transportplan for bergensområdet.

Ordførarar Marie Bruarøy takka for gode innspel og påpeika at dei overordna planane ikkje samsvarar heilt med Os kommunes intensjonar. Os kommune trakk fram viktigheten av å få leggje til arbeidsplassar i regionsentera. Ved å ikkje leggje til rette for meir arbeidsplassar vil ikkje Os kommune nå nullvekstmålet som følgje av meir pendling til Bergen.